



Bent Arne Rognaldsen  
Kvalvågnesvegen 681  
5956 HUNDEVIN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2469 - 19/28272

Saksbehandlar:

Morten Mangerøy Helland

morten.mangeroy.helland@lindas.kommune.n

o

Dato:

20.09.2019

## Vedtak om seksjonering - gbnr 55/39 Bruvoll

### Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 55/39 i 2 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk og føremål.

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål
1	1/2	Bustad
2	1/2	Bustad

### Saksdokument:

- Søknad om seksjonering
- Situasjonsplan gbnr. 55/39
- Planteikningar med seksjonsdeling
- Sameigevedtekter

### Bakgrunn:

Heimelshavar til eigedom gbnr. 55/39, Bent Arne Rognaldsen har sendt inn søknad om oppdeling av eigedomen i ei bustadsameige bestående av 2 bustadseksjonar. Det er søkt om og fått løyve til oppføring av ein vertikaldelt tomannsbustad i ein etasje på eigedomen. Kvar bueining skal etter seksjonering utgjere ein eigen bustadseksjon i bustadsameiga. Alt uteareal vert fellesareal for seksjonane i bustadsameiga.

### Bygningen:

J.f situasjonsplan og planteikningar, er det ein vertikaldelt bustad med 2 bueiningar. Kvar bueining går over eit plan. Alle bueiningane har eigen inngang frå felles uteareal. Kvar seksjon har tilgang til stoppekran og sikringsskap frå eige areal eller felles uteareal.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Vurdering:**

Kommunen finn at seksjoneringssøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik som omsøkt.

**Vidare saksgang:**

Vedtaket vert sendt til revirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt revirent. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter seksjonering saman med saksdokumenta sendt revirent.

**Gebyr:**

Søklar ber kostnadar med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringssaka etter gjeldande regulativ og dekkar kostnadar knytt til tinglysing av saka.

**Klage:**

Klagefristen er 3 veker rekna frå dagen de mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga og kva endringar de som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar

Morten Mangerøy Helland  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Seksjoneringsteikningar  
Vedtekter for sameige  
Melding om rett til klage over forvaltningsvedtak

**Mottakarar:**

Bent Arne Rognaldsen

Kvalvågnesvegen 5956  
681

HUNDEVIN